

Deltakaravgifter

Klyngedeltakarane i Polyfon byggjer ein fagleg fellesskap, der alle deltakarane bidreg og drar nytte av denne fellesskapen. Inntektene frå deltakaravgiftene i klynga vert brukte til fagleg leiing og drift, til informasjon, seminar og rådgjeving og til utlysing av midlar til forskings- og formidlingsstøtte.

Dei nivåa for deltakaravgifter som kjem fram av dette dokumentet er vedtekne 16. juni 2025. Frå og med 1. januar 2026 vert det årleg indeksregulering av deltakaravgiftene.

Organisasjonar kan melde seg inn i Klynga som Enkeltdeltakar eller som Part i ei Undergruppe. Vi tilrår at faglege vurderingar er styrande ved val av tilknytingsform.

Differensiering av deltakaravgifter for Enkeltdeltakarar

Differensiering av deltakaravgifta skjer etter fagleg aktivitet på klyngas område:

- For kommunesektor, spesialisthelsetenesta og andre tenesteytande organisasjonar er deltakaravgift differensiert etter tal musikkterapeutårsverk i tenestene. Dette skal *ikkje* tolkast som at det berre er musikkterapeutar som kan bruke Polyfons ordningar. Det er ønskjeleg å involvere leiarar, tverrfagleg kompetanse og erfaringskompetanse.
- For akademiske organisasjonar er deltakaravgifta differensiert etter tal klyngerelaterte faglege årsverk, inkludert ph.d.-kandidatar og forskarar i prosjektstillingar. For fagmiljø i musikkterapi, vert 100 % av dei faglege årsverka rekna med. I andre fagmiljø ved universitet/høgskular vert 25 % av årsverka rekna med. 10 % vert rekna med for andre forskingsinstitutt/kompetansemiljø.

Deltakaravgiftene (i kroner) går fram av tabellen nedanfor, der Å står for musikkterapeutårsverk eller klyngerelaterte faglege årsverk (som definert over) ved starten av kalenderåret:

Kategori 1: Å ≤ 2	Kategori 2: Å > 2 og ≤ 6	Kategori 3: Å > 6 og ≤ 12	Kategori 4: Å > 12
70 000	140 000	210 000	280 000

Det er eitt unntak: Ein klyngedeltakar som stiller til disposisjon minimum 20 % stilling for fagkoordinator for eit regionalt knutepunkt (sjå vedlegg 3), kan fritakast for deltakaravgift i klynga.

Differensiering av deltakaravgifter for Partar i ei Undergruppe

Ordninga med Undergrupper er etablert for å støtte utvikling av musikkterapitilbod i kommunane i eit fylke/ ein region. Også andre aktørar med relevant aktivitet kan søkje om å bli Part i ei undergruppe. Samarbeidet vert koordinert av ein Fullmektig, sjå Vedlegg 5. Deltakaravgifter for Partane er differensierte slik:

Kommunal aktør	Annan aktør	*Fullmektig type 1	*Fullmektig type 2
10 000	70 000	70 000	140 000

*Ein Fullmektig er ein fylkeskommune eller annan offentlig aktør som tar ansvar for samfunnsutvikling på klyngas område. Fullmektig type 2 tar også ei rolle som tenesteytar i musikkterapi, t.d. innan vidaregåande skular, og kan difor i enda større grad bruke klyngas ordningar for forskings- og formidlingsstøtte.

Vilkår ved innmelding i Polyfon

- Både for enkeltdeltakarar og undergruppedeltakarar er det deltaking *utan* avgift resten av det kalenderåret ein melder seg inn.